

Populær torghandel.



Mange ønsker Uskedals-eple. Her noterer Magne Eik ei ny bestilling på Aroma-eple i boka.

I dag har det vore breitt og godt tilbod på torget ved Grano og gamleskulen. Her kunne tre ulike torghandlarar by fram poteter og grønnsaker, fisk og fiskeprodukt, og Uskedalshausta eple. Mange kundar nytta seg av tilbodet, og det var til tider tendensar til kø hos dei populære torghandlarane.

Eit sikkert haustteikn er det at fruktbonden frå Steinsletto, Magne Eik, stiller opp med kvalitetsepla sine. I dag selde han flotte og smakfulle eple av sortane Discovery og Kronprins. Magne kan fortelje om godt salg, og han kan og fortelje at mange har bestilt Aroma. - Dei er ikkje klare og hausta enno. Eg skal heim og prøvesmaka dei når eg er ferdig her, kan fruktbonden fortelja. Har fortel at dei har mange forskjellige eplesortar i frukthagen, men det er desse tre sortane dei produserer for salg.

- I tillegg er vi i gang med produksjon av Elstar med tanke på komande år.



Pensjonert potetbonde Bjørgulv Eik er ein av dei mange fornøgde som sikrar seg Fitjar-poteter.

Side om side med Magne står Olav Korsvik frå Fitjar og byr fram poteter, grønsaker, egg og frukt. Dei er på jamnelege besøk om lørdagane og har etterkvart opparbeidd seg ein stor og fast kundekrets. Faste kundar har og Møre Starfish som dukkar opp og har om lag ein times salgsstopp ved Grano før han fartar vidare. Også Møre Starfish, med sine gode tilbod innan fisk og fiskeprodukt, er på besøk med jamne mellomrom. Både kø og handel vitnar om fornøgde kundar.



Folka frå Møre Starfish ekspederte mange kundar den knappe time dei stod ved Grano.

Torghandel skaper ein eigen stemning som mange set pris på.

Av: Thor Inge Døssland.